

## Referat frå RU tysdag 14. juni – onsdag 15. juni 2022 på Kragerø Resort

Desse møtte: Rikke Raknes, Finn Arne Askje, Sverre Sæter, Erling Laland og Anne Aasmundtveit  
Jan Myrekrok møtte 15. juni 2022.

### Tysdag 14. juni 2022 kl. 13.00-14.30

Rikke ynskte velkommen.

### Oppfølging frå sist møte i RU

**Oppfølging** av arbeid med ny brann og redningsvesenforskrift (arb.gruppas arbeid frist utgang av august 2022)

Finn Arne er leiar av arbeidsgruppa og ga ei statusoppdatering av arbeidet:

- Arbeidet med ROSanalysa er i rute.
- Ein må ha to analyser; ei beredskapsanalyse og ei forebyggingsanalyse.
- Desse to analysene kan bli køyrd saman, slik at det vil ta totalt ca 2 mnd å få gjennomført desse.
- Kostnadsestimat: kr 20.000 per analyse. Det må bli lagt inn ei bestilling på pris.
- Konsulenten meiner forskrifta seier at ein må ha desse analysane, så RU støtter at dei to analysane vert gjennomført.

I drøftinga kring samansettning av arbeidsgrupper i ulike samarbeid, kom saka om RPH (Rask psykisk helsehjelp) opp. Tokke er negativ, formannskapet gjekk inn for det, mogleg kommunestyret endrar dette til positivt under føresetnad av alle kommunane blir med.

**Konklusjon:** Finn Arne ber administrasjonen i VT Brannvern innhente pris på begge analysane.  
Kostand for dette bør dekkast av selskapet sjølve.

### Dokumentsenter

Erling orienterte om fordeler og ulemper som arkivleiar i Kviteseid har skissert i eit notat:

- Kommunane må ha felles IKT arkitektur, ikkje to som i dag (Aspit og VTDS)
- Arkivleiarar har ulike oppgåver og kommunar har ulike ressursar tilgjengeleg
- Større fagmiljø med dei fordelar det førar med seg.
- Krev seks ulike fagsystem. Krev stor innsats frå kommunane for å få like malar og rutinar.

**Konklusjon:** Ein avventar med å starte på arbeid med eit eventuelt felles dokumentsenter.  
Hans Inge går inn i arkivforum.

### Fagdag PPT - (jf referat sist RU)

Sverre gav ein statusgjennomgang:

- Det var rep.skapsmøte for PPT i 13. juni.
- Erling er vald som ny styreleiar. Fleire nye representantar. Styret er utvida med 3 rep.
- PPT har jobba veldig bra i det siste opp mot fleire ting. Viktig kompetanseprogram opp mot kommunane som har heva nivået.
- PPT jobbar med oppfølging av tilsynet for å lukke avvik
- Tilmeldinga til PPT har auka dei seinare åra. Finne årsakene til denne auka.

**Konklusjon:** PPT inviterar Thomas Nordahl til ein fagdag.

### Orienteringar ved Anne:

- Hans Inge Hagen frå Seljord er tilsett som digitaliseringsleiar. Han startar i jobben 1. august 2022.
- Johannes Rindal går over i anna stilling som fylkeshusleiar i Seljord frå hausten. Blir i jobben som utviklingsleiar fram til Dyrsku'n. Stillingsa blir snart utlyst. AU vert tilsettingsutval.

- Statsforvaltaren har løyvd kr. 500 000 til klimakoordinator og kr 200 000 til Inn i arbeid i skjønnsmidlar for 2022. Det blir sak til rådet 30. august om ei eventuell utlysing av ein 2-åreg klimakoordinator.
- Politisk behandlinga av klimaplan vert i fleire kommunar utsett til hausten.
- Miljøfyrtårnsertifisering av kommuneadministrasjonen. Det er eit krav frå Innovasjon Norge om at kommuneadministrasjonen blir miljøfyrtårnsertifisert, noko alle kommunane i Vest-Telemarkrådet har vedteke. Miljøfyrtårnstiftelsen har utarbeidd nytt regelverk for ordninga der dei krev at heile verksemda, ikkje bare hovudkontoret, vert sertifisert. Ein prosess som er venta å kunne ta rundt 3 år. Då regelverket ikkje har trådd i kraft enno, er det avklara med stiftinga at Vest-Telemarkkommunane kan i fyrste omgang sertifisere kun kommuneadministrasjonen/kommunehuset. Det ligg ei forventning, men ikkje ei forplikting, til å ta resten av kommunen (skular, barnehagar, omsorgssenter ob) etterkvart.

## **Møte med Kragerø kommune**

«Fra Kragerø til Smarte Kragerø - hva er viktig for oss når vi skal bygge fremtidens kommune?» ved Dag Willien Eriksen, kommunedirektør i Kragerø.

Sjå vedlagte presentasjon.

**Onsdag 15. juni 2022 kl. 09.00-12.00**

## **Ressurskrevjande brukarar – mogleg interkommunalt samarbeid**

- Erling orienterte om situasjonen i Kviteseid.
- Dette er ein særdeles kostbar og ressurskrevjande teneste.
- Dersom ein skal bygge opp eit felles tilbod i Vest-Telemark kan det og bli for kostbart. Utfordringa er at Vest-Telemark er lite. Må ha spisskompetanse og saman blir ein likevel for små.
- Nokon kommunar har tidvis brukarar utanfor eigen kommune, desse kunne ein isåfall «kalle heim».

**Konklusjon: Vert lagt på is enn så lenge pga små kommunar med totalt 14.000 innbyggjarar**

## **Beredskap**

Rikke orienterte om situasjonen i Seljord kommune og tok med dette initiativ til eit samarbeid på visse område som gjeld planar og øvingar.

- Statsforvaltaren har vore på tilsyn og påpekt avvik. Utfordringa er at ein ikkje klarar å halde alle dokument og planar ajour, m.a. ROSanalysar.
- Statsforvaltaren oppmodar til samarbeid til utforming av planar og gjennomføring av øvingar.
- Vanskeleg å ha felles heilskaplege ROSanalysar.
- Det er beredskapskoordinator i kvar kommune. I nokon av kommunane vert det lagt store oppgåver til denne stillinga, medan andre kommunar vert mykje av arbeidet utført av kommunedirektørane/rådmennane.
- Det er tilrådd at det blir etablere eit nettverk. Nokon må få eit ansvar for å koordinere nettverket, så det vil kunne bli snakk om å spleise på frikjøp. Spørsmål om nokon har ein aktuell person som kan ta dette ansvaret kom opp i drøftinga, utan at dette vart besvart.

**Konklusjon: Kommunedirektørane/Rådmennane inviterar med seg sin beredskapskoordinator på neste møte i RU.**

## **Kapasitetsløftet/CoTech**

Prosjektleiar Janne Dugstad, USN, deltok på teams og orienterte om prosjektet. (PPTen er etterspurta og blir ettersendt).

Signal i møtet: Kommunane ynskjer å delta i prosjektet, sjølv om ein del involvering blir lagt til samhandlingskoordinatoren og digitaliseringsleiaren.

Oppmoding frå prosjektleiar om at fleire frå kvar partnar deltek på Kick-Off i Drammen 21. september.

**Konklusjon: Sett av dato for Kick-Off i Drammen 21. september 2022!**

## **Eventuelt:**

### **Møtekalender**

26. august 9-14 Stad: Vrådal  
30. september 10-15 stad vert avklara 26. august  
2 desember 10-15 Eidsborg

### **Landsmøte i LVK**

Spørsmål om kven som skal på landsmøte i LVK?

- Vinje er i tenkeboksen
- Ordførar i Nissedal

### **Visit Telemark – ny anbodsrunde**

Jan orienterte:

- Rammeavtaler for kjøp av reiselivstenester må ut på anbod. Dette gjeld for kommunane i Telemark
- Det er Visit Telemark som leverer denne tenesta i dag. Er inne i siste år av 3+1+1.
- Kragerø kommune ved Geir Lia har invitert enkelte kommunar til eit møte for å drøfte felles anbodsgrunnlag.
- Vinje kommune er invitert på vegne av Vest-Telemark.

**Konklusjon: Jan reiser på «anbodsmøtet» i Kragerø og representarar alle kommunane i Vest-Telemark**

### **Vest-Telemarkrådet 30. august**

Orienteringer i rådet som kan vera aktuelle for fleire i kommunane:

1. Prosjektleiar i Medbyggerne Pia Hansen Rolstad, Skatteetaten, skal snakke om korleis ein saman kan forebygge a-krim:  
*«MEDBYGGERNE er et samarbeid mellom offentlig sektor, partene i arbeidslivet og bygge- og anleggsbransjen i Vestfold og Telemark. Formålet er å få flere til å bli medbyggere og handle hvitt, for å sikre et stabilt og trygt arbeidsmarked, bedre de håndverksmessige utførelsene og hindre skadelige arbeidssituasjoner. Om lag 500 håndverksbedrifter i fylket er ambassadører for prosjektet og leder an for hvitt arbeid.»*
2. Innovasjon Norge ved regiondirektør Anniken F. Damm-Larsen skal gi ei statusoppdatering på nye ordninger i IN.

**Konklusjon: Kommunedirektørane/rådmennane ber med aktuelle personar i sin organisasjon.  
Anne inviterar næringskollegiet.**

Rikke takka Erling for godt kollegialt samarbeid og innsats på ulike felles område